



## MØTEINNKALLING

---

**Organ:** HOVUDSAMARBEIDSUTVALET  
**Møtestad:** Leikanger, - Fylkeshuset, møterom Åskora  
**Møtedato:** 14.11.2018 **Tid:** 10:00

---

Medlemene blir med dette innkalla til møte som nemnt ovafor. (Ev. forfall må meldast hit straks.)  
Varamedlemer møter berre etter nærare varsel. Saksdokumentata er utlagde på \*

## SAKSLISTE

Desse sakene ligg føre:

---

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsaksnr. / Tittel</b>
10/18	18/1274 <b>Skriv og meldingar 14. november 2018 til hovudsamarbeidsutvalet</b>
11/18	18/2871 <b>Fråværsstatistikk 3. kvartal 2018 til handsaming i hovudsamarbeidsutvalet</b>
12/18	16/3039 <b>AKAN-årsrapport 2017</b>
13/18	17/8945 <b>Møteplan for hovudsamarbeidsutvalet 2019</b>



## HOVUDSAMARBEIDSUTVALET

**Saksnr.:** **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**  
**10/18** 14.11.2018 18/1274 48929/18

Sakshandsamar: Arvid Stenehjem

---

<b>Handsaming i organ</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>
Hovudsamarbeidsutvalet	28.02.2018	1/18
Hovudsamarbeidsutvalet	23.05.2018	4/18
Hovudsamarbeidsutvalet	19.09.2018	8/18
Hovudsamarbeidsutvalet	14.11.2018	10/18

---

**Skriv og meldingar 14. november 2018 til hovudsamarbeidsutvalet**

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

**Behandling/vedtak i Hovudsamarbeidsutvalet den 28.02.2018****Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

**Behandling/vedtak i Hovudsamarbeidsutvalet den 23.05.2018****Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

**Behandling/vedtak i Hovudsamarbeidsutvalet den 19.09.2018****Dette gir følgjande endeleg vedtak:**


Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

**Meldesak 1) Status regionreforma**

Som kjent er [Portalen](#) staden for løypande oppdateringar av nyhende frå arbeidet med regionreforma. Sjå også felles nettsida for [nye Vestland fylkeskommune](#). Viser også til direktesendt (e-post) nyheitsbrev frå prosjektleiar Rune Haugsdal til alle tilsette i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

Organisering

Det blir fem avdelingar og to stabsavdelingar i Vestland fylkeskommune. Dei sju fylkesdirektørane skal i samarbeid med prosjektleiaren bestemme andre funksjonar og vidare organisering. Dei nye fylkesdirektørane vil utgjere prosjektleiaren si toppleiargruppe. Lokalisering av leiinga i avdelingane er også klar.



Avdelingane i Vestland fylkeskommune er no avklara og av figuren til venstre ser du korleis desse vert plasserte i linja og geografisk. Direktørstillinga har vore utlyste og vil i desse dagar bli tilsette.

Fylkesrådmann er øvste administrative leiari i fylkeskommunen. Noverande prosjektleiar Rune Haugsdal går inn i stillinga som fylkesrådmann i Vestland frå 1.1.2020. Han får hovudkontor i Bergen. Det kom inn 36 søkjarar på dei seks utlyste direktørstillingane. I midten av november skal leiargruppa i Vestland fylkeskommune bli klar.

To stabsavdelingar

Fylkesrådmannen sin stab blir organisert i to avdelingar: ei avdeling for organisasjon og økonomi med sete i Bergen, og ei for strategisk utvikling og digitalisering med sete i Leikanger.

Fem fagavdelingar

Dei fem fagavdelingane svarer til den politiske organiseringa i det nye fylket, som får fire hovudutval. Avdelingane for infrastruktur og veg og for mobilitet og kollektivtransport svarer begge til hovudutval for samferdsel og mobilitet. Dei andre avdelingane svarar til kvart sitt hovudutval.

Sju fylkesdirektørar

Seks av sju fylkesdirektørstillingar vart lyste ut i slutten av september 2018, med tilsetjing i november. Den siste stillinga (innovasjon og næringsutvikling) vil bli fylt ved innplassering.

Oversyn over avdelingar, fylkesdirektørar og kontorstader

Avdeling / fylkesdirektør	Hovudsete
Organisasjon og økonomi (stab)	Bergen
Strategisk utvikling og digitalisering (stab)	Leikanger
Infrastruktur og veg	Leikanger
Mobilitet og kollektivtransport	Bergen
Opplæring og kompetanse	Bergen
Innovasjon og næringsutvikling	Bergen
Kultur, idrett og inkludering	Førde

Vegen vidare

I november 2018 vert tilsetjing av nye fylkesdirektørar gjennomført. Vidare i februar 2019 skal alle seksjonsleiarar o.l. innplasserast. Frå 1. januar 2020 tek den nye fylkeskommunen til å fungere.

Det vert lagt fram to meldingssaker i PSU 27. november:

- Administrativt vedtak – tilsetjingsprosess toppleiargruppe
- Administrativt vedtak – administrativ organisering

**Meldesak 2) Seinkarrierekurs 2018 for KLP og SPK sine medlemmar**

Under våre [seniortiltak](#) ligg tilbodet seinkarrierekurs. I år vert desse gjennomført høvesvis for KLP og SPK sine medlemmar den 28. oktober og 12. desember. Kursdagen for KLP sine seniormedlemmar blir på Thon Skei Hotel, Skei i Jølster og for SPK seniorane på Quality Sogndal Hotel, Sogndal.

**Meldesak 3) Frå PORTALEN - nyhende frå Personal**

Portalen og nyhendestraumen under fana Personal er kjelde til fagleg informasjon/innspeil til dei lokale einingane. Det er ofte slik at vi råder eininga til å ta saker herifrå inn i sitt LAMU.

*a) IA-podd om konflikthandtering i arbeidslivet*

Arbeidsplassar utan konflikter er kjedelege og lite utviklande. Der alt står stille, der det er ingen dynamikk, fagleg eller personleg utvikling. Men, joda, konflikter kan vere destruktive og det kritiske vil vere korleis ein handterer konflikter. Idèbanken har laga ein flott og informativ poddkast om temaet. Set gjerne av tid i LAMU eller i eit personalmøte til å snakke om dette.

[Sjekk ut www.idebanken.no for meir informasjon og link til poddkasten.](http://www.idebanken.no)

Denne episoden av IA-podden handlar om konflikter og handteringa av disse. I studio denne gangen er Tor Åge Eikerapen, psykolog og spesialist i organisasjonspsykologi og seniorrådgjevar Kjersti Qveim Leikanger i NAV Arbeidslivssenter

*b) Arbeidsmiljøguiden*

Arbeidstilsynet lanserer i desse dagar "[Arbeidsmiljøguiden](#)"! Dette er eit særst godt opplæringsverktøy og eg råder alle med ansvar innan hms-arbeidet om å orientere seg i verktøyet. Dette kan godt forankrast i LAMU og eller nyttast der personalet samlast til informasjon.

*c) Ny IA-kontaktperson på NAV*

Renate Birkeland takkar for seg og for samarbeidet med oss i hennar rolle som vår kontaktperson ved NAV arbeidslivssenteret. Frå 1. oktober får vi tilbake Heidi Myrvold som tidlegare har vore i rolla. Ho er å treffe på heidi.myrvold@nav.no og på telefon 958 99 023.

**Meldesak 4) SSB analyse 2018/22: Vold, truslar og trakassering i arbeidslivet**

Kvinner og menn i helseyrker møter mest vald og truslar. Éin av ti vert utsett for vald, truslar eller seksuell trakassering på jobb. Kvinner vert ramma oftare enn menn, men både menn og kvinner i

helse- og sosialsektoren er meir utsett enn andre. Det er oftast pasientar og klientar som står bak handlingane.

<https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/kvinner-og-menn-i-helseyrker-motermest-vold-og-trusler>

Les også om vellykka satsing frå regjeringa på skulemiljø og mobbing.

[https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/103-skoler-reduuerte-mobbing/id2617588/?utm\\_source=www.regjeringen.no&utm\\_medium=epost&utm\\_campaign=nyhet\\_svarsel%2001.11.2018&utm\\_content=Skole%20og%20videregående%20opplæring](https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/103-skoler-reduuerte-mobbing/id2617588/?utm_source=www.regjeringen.no&utm_medium=epost&utm_campaign=nyhet_svarsel%2001.11.2018&utm_content=Skole%20og%20videregående%20opplæring)

#### **Meldesak 5) Forvaltningsrevisjon av HMS- og IA-arbeidet**

*«Rapporten er planlagt levert 14. desember. Kontrollutvalet får ein statusrapport i møte 20. november, der vi får orientering frå revisor om prosjektet er i rute, med avklaring av eventuelle spørsmål som måtte dukke opp».* Skriv sekretariatsleiar Einar Ulla den 2/11-2018.

Kontrollutvalet (KU) gjorde vedtak i sak 7/18 i møte den 27. februar 2018 om å bestille forvaltningsrevisjon frå Deloitte innan HMS og IA-avtalen. Oppdragsleverandøren utarbeidde ein prosjektplan som seinare i sak 17/18 vart ein bestilling frå KU.

Seinare gav fylkeshovudverneombod Olav Vestrheim uttrykk for bekymring, i dialog med sekretariatet, om forhold som vart vurderte til å vere aktuelle for ei utviding av mandatet/undersøkinga. Temaet var vald og truslar. Prosjektplanen datert august 2018 vart då revidert og lagt fram for KU. I møte den 6. september i sak 37/18 vedtok KU den utvida prosjektplanen.



## HOVUDSAMARBEIDSUTVALET

**Saksnr.:** **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**  
**11/18** 14.11.2018 18/2871 48599/18

Sakshandsamar: Arvid Stenehjem

---

<b>Handsaming i organ</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>
Hovudsamarbeidsutvalet	23.05.2018	7/18
Hovudsamarbeidsutvalet	19.09.2018	9/18
Hovudsamarbeidsutvalet	14.11.2018	11/18

---

### Fråværsstatistikk 3. kvartal 2018 til handsaming i hovudsamarbeidsutvalet

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

**Behandling/vedtak i Hovudsamarbeidsutvalet den 23.05.2018****Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

**Behandling/vedtak i Hovudsamarbeidsutvalet den 19.09.2018****Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

**Vedlegg:**

Hovudtabell 3. kvartal 2018

**Andre relevante dokument i saka:**

Statistikkgrunnlag og andre hjelpetabellar og rekneark.

**SAKSFRAMSTILLING****1. Samandrag**

Fråværsstatistikken skal tene som grunnlag for å avdekkje mogelege problem i arbeidsmiljøet. Den kan også bidra til å identifisera arbeidstakarar som treng spesiell oppfølging frå eininga, eventuelt med bistand frå andre støttespelarar, som til dømes vår leverandør av bedriftshelsetenester Stamina Helse AS eller frå Frm-personal. Framlegging av sjukefråværstal og statistikk har heimel i arbeidsmiljølova [§ 5-1](#) og i folketrygdlova [§ 25-2](#).

For tredje kvartal 2018 er dei samla registrerte fråværstala 0,7 prosentpoeng lågare samanlikna med tredje kvartal i 2017. For eitt år sidan registrerte vi ved tredje kvartal eit samla fråvær på 4,8 %. Til samanlikning ligg vi no på 4,1 % og vi er med det under stabiliseringsmålet på gjennomsnittleg 5 % ved dette kvartalet.

Tre einingar/LAMU-områder rapporterte fråvær på gjennomsnittleg seks prosent og over dette «obs-målet» ved tredje kvartal i år. Desse einingane er Tannhelsetenesta (6,1 %), Sogndal vg skule (8,5%) og Flora vg skule (6,2 %). Som tidlegare vert desse einingane beden om å utarbeida ei særskild analyse og å tilbakemelde dette til rådmann – jf. sak 09/63-1. Hensikta er at eininga

skal djupare analysere kommentere fráværet sitt og leite særskild etter mogleg samanheng med forhold i arbeidsmiljøet. Vidare å prøve finne kva tiltak eininga ser for seg kan setjast inn for å motverke slike frávær.

## 1. Kommentar til samla registrering tredje kvartal 2018

Statistikken frå Sogn og Fjordane fylkeskommune omfattar ansvarsområda opplæring, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen kvar for seg. Sentraladministrasjonen inkluderer tilsette på fylkeshuset i Leikanger og sentraladministrasjonen sin del av næring- og kulturavdelinga, inkludert andre avdelingar sine satellittkontor, lokalisert til Storehagen 1B, Førde. Frå og med registreringane ved 1. kvartal 2017 blei den tidlegare gruppa «Andre» inkludert i sentraladministrasjonen. Desse nye som no er inkludert er OKOS, fylkesbiblioteket, fylkesarkivet medrekna kommunearkivordninga samt sekretariatet for kontrollutvalet.

3. kvartal 2018										
		Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Fráværs prosent
Kvinner/menn	Sum	Org.								
Kvinner	Sentraladm.	6178,8	38,9	190,4	36,9	34,8	75	71,8	229,3	3,7
Menn	Sentraladm.	7215,4	21	225	27	19,1	158,5	41,4	246	3,4
<b>Sum Totalt</b>	<b>Sentraladm.</b>	<b>13394,2</b>	<b>59,9</b>	<b>415,4</b>	<b>63,9</b>	<b>53,9</b>	<b>233,5</b>	<b>113,2</b>	<b>475,3</b>	<b>3,5</b>
Kvinner	Opplæring	23561,3	104,1	1066,8	99,4	114,1	421,4	536	1170,9	5,0
Menn	Opplæring	18468,6	38,4	491,8	37,8	58	215,7	218,7	530,2	2,9
<b>Sum Totalt</b>	<b>Opplæring</b>	<b>42029,9</b>	<b>142,5</b>	<b>1558,6</b>	<b>137,2</b>	<b>172,1</b>	<b>637,1</b>	<b>754,7</b>	<b>1701,1</b>	<b>4,0</b>
Kvinner	Tannhelse	4125,7	19,8	255,6	17,6	38	95,7	124,1	275,4	6,7
Menn	Tannhelse	403	1	0	1	0	0	0	1	0,2
<b>Sum Totalt</b>	<b>Tannhelse</b>	<b>4528,7</b>	<b>20,8</b>	<b>255,6</b>	<b>18,6</b>	<b>38</b>	<b>95,7</b>	<b>124,1</b>	<b>276,4</b>	<b>6,1</b>
<b>Sum totalt kvinner</b>		<b>33865,8</b>	<b>162,8</b>	<b>1512,8</b>	<b>151,8</b>	<b>227,1</b>	<b>588,9</b>	<b>731,9</b>	<b>1675,6</b>	<b>4,9</b>
<b>Sum totalt menn</b>		<b>26087</b>	<b>60,4</b>	<b>716,8</b>	<b>57,9</b>	<b>216,5</b>	<b>257,1</b>	<b>290,5</b>	<b>777,2</b>	<b>3,0</b>
<b>SUM</b>		<b>59952,8</b>	<b>223,2</b>	<b>2229,6</b>	<b>219,7</b>	<b>264</b>	<b>966,3</b>	<b>992</b>	<b>2452,8</b>	<b>4,1</b>

Tabell 1. Samla fráværstatistikk frå 3. kvartal 2018

Tabell 1 over viser det samla sjukefráværet for heile Sogn og Fjordane fylkeskommune (alle einingane) i 3. kvartal 2018. Vi registrerte eit samla frávær på 4,1 % ved dette kvartalet. Til samanlikning registrerte vi no 0,7 prosentpoeng lågare tal enn ved tredje kvartal i 2017 som då registrerte 4,8 %. Les kommentarar knytt til sektorane under.

## 2. Kommentar til tenesteområda

### Tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har 18 tannklinikkar og 3 ambuleringsklinikkar. Tenesta er organisert som ein institusjon med direktør for tannhelsetenesta som øvste leiar, deretter fylkestannlege, rådgjevar og førstekonsulentar i sentral stab. Tannklinikane rapporterer til den sentrale staben. Klinikksjefen er lokal leiar med ansvar for dagleg drift og med avgrensa personalansvar ved tannklinikane.

3. kvartal 2018										
		Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Fráværs prosent
Br.	Org.									
Kvinner	Opplæring	23561,3	104,1	1066,8	99,4	114,1	421,4	536	1170,9	5,0
Menn	Opplæring	18468,6	38,4	491,8	37,8	58	215,7	218,7	530,2	2,9
<b>Sum Totalt</b>	<b>Opplæring</b>	<b>42029,9</b>	<b>142,5</b>	<b>1558,6</b>	<b>137,2</b>	<b>172,1</b>	<b>637,1</b>	<b>754,7</b>	<b>1701,1</b>	<b>4,0</b>



Tabell 2) Tredje kvartal 2018 frå tannhelsetenesta

I tredje kvartal i 2017 – for eitt år sidan - registrerte tenesta eit samla snitt på 3,6 %. Tala viser no 4,0 %. Når vi ser på klinikknivå viser dette at fem klinikkar/kontor som har null fråvær i perioden. 7 klinikkar/kontor har fråvær på 6 % eller høgare. Samla registrerar tenesta 4,0 % og det vert difor ikkje stilt krav til særskild eigenanalyse/eigenrapport. Tannhelsetenesta er kjenneteikna av mange små eininga og vil med det få store prosentvise utslag om ein tilsett er ute i langtidsfråvær. Og dei skriv at ....*fråværet gjeld i hovudsak planlagde operasjonar og svangerskapsrelatert fråvær. Leiinga i tannhelsetenesta følgjer opp korttidsfråværet og ev. årsaker til dette. LAMU drøftar langtidsfråværet for den einskilde, og det er sett i verk tiltak for å redusere årsaker for dette. Dei sjukmelde vert følgd opp etter gjeldande retningslinjer.*

### Sentraladministrasjonen<sup>i</sup>

Sentraladministrasjonen har hovudsete på Leikanger – fylkeshuset samt i Storehagen 1B i Førde der kulturdelen av næring- og kulturavdelinga har hushald. I tillegg husar ein i Førde fleire kontorplassar for medarbeidarar frå fleire avdelingar i sentraladministrasjonen. OKOS har også til no hatt kontorstad her. Dei er no flytte til Concordbygget og samlokalisert med fleire opplæringskontor der i Firdavegen 6, Førde.

Sentraladministrasjonen er rimeleg sektordelt. Felles er at kontormiljø og kontorarbeid kjenneteiknar arbeidsmiljøet, men ikkje berre det. Her er også tekniske tenester, reinhald samt deler av arbeidsoppgåvene til kultur (geologar) og arkivtenester som alle har andre arbeidsmiljø enn den typiske kontorarbeidsplassen. Det er variasjonar mellom sektorane/avdelingane både i storleik og sjukefråværestal. Som elles må ein her vere merksame på at små einingar med få tilsette vil få høge fråværestal rekna i prosent når ein eller få vert lenge borte frå arbeidet.

Samla sett registrerar sentraladministrasjonen moderate fråværestal. Gjennomsnittet er 3,5 % der kvinner og menn står for høvesvis 3,7 % og menn 3,4 %. Men også innanfor denne eininga sprik det noko mellom avdelingane. I dette kvartalet er det *bibliotekføremål* og *løns og rekneskapsavdelinga* med høvesvis 9 og 8 tilsette som «toppar» statistikken. *Bibliotekføremål* har 9,2 % og løn og rekneskapsavdelinga har 8,5 %. OKOS registrerte 10,3 % fråvær i perioden. Sekretariatet for kontrollutvalet (10,7 %) har vore utan bemanning i starten på dette kvartalet etter at den einaste tilsette vart råka av ei trafikkulykke. Han er heldigvis på betringas veg og er no tilbake i full stilling. Samla gjennomsnittleg fråværestal for sentraladministrasjonen ligg no eitt prosentpoeng over resultatmålet for verksemda samla.

3. kvartal 2018										
		Mogelege	Eigenmeldte	Sjukmeldte	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Totalt	
		dagsverk	fråvær	1-3 dagar	1-3	4-16	17-56	>56	fråvær	Fråværs
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	prosent
Kvinner	Sentraladm.	6178,8	38,9	190,4	36,9	34,8	75	71,8	229,3	3,7
Menn	Sentraladm.	7215,4	21	225	27	19,1	158,5	41,4	246	3,4
<b>Sum Totalt</b>	<b>Sentraladm.</b>	<b>13394,2</b>	<b>59,9</b>	<b>415,4</b>	<b>63,9</b>	<b>53,9</b>	<b>233,5</b>	<b>113,2</b>	<b>475,3</b>	<b>3,5</b>

Tabell 3) Tredje kvartal 2018 frå sentraladministrasjonen

### Tenesteområde vidaregåande opplæring

Som vanleg registrerar nokre einingar låge fråværestal medan andre viser høgare tal. Gjennomgåande viser dei vidaregåande skulane moderate fråværestal også i dette kvartalet. Der er likevel registrert to einingar med fråvær over stabiliseringsmålet på 5 %. Gjennomsnittleg registrering for tenesteområdet er 4,0 % der kvinner er ute med 5,0 % av sin tilgjengelege arbeidsressurs og menn tilsvarande med 2,9 %.

Vi registrerar stabile, høvesvis moderate fråværestal ved tenesteeiningane. To einingar registrerar fråvær over rapporteringsgrensa<sup>ii</sup> på 6 % dette kvartalet. Desse er *Sogndal* og *Måløy* som


<sup>i</sup> Tilsette som høyrer til ytre kultursektor har vore plassert under gruppa *Andre*. Ny organisering tok til å gjelde frå 1. januar 2017. Det vil bety at «*Andre*» vil inngå i sentraladministrasjonen.

<sup>ii</sup> Dei einingane med fråvær lik og større enn 6 % rapportere særskild til fylkesrådmann med analyse av fråværet.

registrerer høvesvis 8,1 % og 6,2 %. LAMU handsamar statistikken og vil rapportere særskild om forholda. Langtidsfråværa trekk i vesentleg grad opp snittet ved desse einingane.

3. kvartal 2018										
		Mogelege dagsverk	Eigenmeldte fråvær	Sjukmeldte 1-3 dagar	Fråvær 1-3	Fråvær 4-16	Fråvær 17-56	Fråvær >56	Totalt fråvær	Fråværs prosent
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	
Kvinner	Opplæring	23561,3	104,1	1066,8	99,4	114,1	421,4	536	1170,9	5,0
Menn	Opplæring	18468,6	38,4	491,8	37,8	58	215,7	218,7	530,2	2,9
<b>Sum Totalt</b>	<b>Opplæring</b>	<b>42029,9</b>	<b>142,5</b>	<b>1558,6</b>	<b>137,2</b>	<b>172,1</b>	<b>637,1</b>	<b>754,7</b>	<b>1701,1</b>	<b>4,0</b>

Tabell 4) Statistikk frå opplæringssektoren tredje kvartal 2018



Grafikk 1. Gjennomsnittleg fråvær begge kjønn ved tenesteområdet dei vidaregåande skulane (inkludert Fagskulen i Sogn og Fjordane og Sogn Jord- og hagebruksskule).


Tabellen under viser kvar eining sine registreringar fordelt mellom høvesvis kvinner, menn og gjennomsnittet for begge kjønna.

Arbeidstad	KJ	Bemanning	Mogelege dagsv. netto	Egenm. frávær dagsv.	Sjukem. dagsv	S.frávær 1-3 dagsv	Frávær 4-16 dagsv	Frávær 17-56 dagsv	Frávær > 56 dagsv	Sum frávær dagsv	Fráværs prosent	
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	26,0	1 264	10,5	0,0	10,5	0,0	0,0	0,0	10,5	0,8	
	M	20,0	1 128	0,5	0,0	0,5	0,0	0,0	0,0	0,5	0,0	
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE		<b>46,0</b>	<b>2 391,9</b>	<b>11,0</b>	<b>0,0</b>	<b>11,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>11,0</b>	<b>0,5</b>	
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	104,0	3 793	14,7	299,7	14,7	32,1	143,1	124,5	314,3	8,3	
	M	67,0	2 621	2,2	226,6	2,6	5,0	115,2	106,0	228,8	8,7	
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE		<b>171,0</b>	<b>6 413,3</b>	<b>16,9</b>	<b>526,3</b>	<b>17,3</b>	<b>37,1</b>	<b>258,3</b>	<b>230,5</b>	<b>543,1</b>	<b>8,5</b>	
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE	K	17,0	662,2	0,1	45,1	0,1	9,1	0,0	36,0	45,2	6,8	
	M	17,0	598,1	0,0	7,0	0,0	7,0	0,0	0,0	7,0	1,2	
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE		<b>34,0</b>	<b>1 260,3</b>	<b>0,1</b>	<b>52,1</b>	<b>0,1</b>	<b>16,1</b>	<b>0,0</b>	<b>36,0</b>	<b>52,2</b>	<b>4,1</b>	
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE	K	80,0	3 647	17,0	173,3	13,0	32,3	58,1	86,9	190,3	5,2	
	M	91,0	4 910	4,5	102,2	4,5	4,0	32,0	66,2	106,7	2,2	
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE		<b>171,0</b>	<b>8 556,6</b>	<b>21,5</b>	<b>275,5</b>	<b>17,5</b>	<b>36,3</b>	<b>90,1</b>	<b>153,1</b>	<b>297,0</b>	<b>3,5</b>	
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE	K	62,0	2 200	9,0	58,3	10,9	5,0	19,0	32,4	67,3	3,1	
	M	19,0	752	3,9	46,5	3,9	0,0	0,0	46,5	50,4	6,7	
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE		<b>81,0</b>	<b>2 952,0</b>	<b>12,9</b>	<b>104,8</b>	<b>14,8</b>	<b>5,0</b>	<b>19,0</b>	<b>78,9</b>	<b>117,7</b>	<b>4,0</b>	
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane	K	7,0	361	0,4	8,9	0,4	0,6	8,3	0,0	9,3	2,6	
	M	27,0	1 157,1	2,9	18,0	2,9	18,0	0,0	0,0	20,9	1,8	
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane		<b>34,0</b>	<b>1 518,1</b>	<b>3,3</b>	<b>26,9</b>	<b>3,3</b>	<b>18,6</b>	<b>8,3</b>	<b>0,0</b>	<b>30,2</b>	<b>2,0</b>	
DALE VIDAREGÅANDE SKULE	K	28,0	842	1,0	21,5	1,0	1,6	19,9	0,0	22,5	2,7	
	M	18,0	571	3,0	15,0	3,0	0,0	15,0	0,0	18,0	3,2	
DALE VIDAREGÅANDE SKULE		<b>46,0</b>	<b>1 412,6</b>	<b>4,0</b>	<b>36,5</b>	<b>4,0</b>	<b>1,6</b>	<b>34,9</b>	<b>0,0</b>	<b>40,5</b>	<b>2,9</b>	
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE	K	61,0	2 502	25,2	213,6	24,7	7,2	27,0	180,0	238,9	9,5	
	M	41,0	1 541	8,0	5,0	4,0	9,0	0,0	0,0	13,0	0,8	
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE		<b>102,0</b>	<b>4 043,0</b>	<b>33,2</b>	<b>218,6</b>	<b>28,7</b>	<b>16,2</b>	<b>27,0</b>	<b>180,0</b>	<b>251,9</b>	<b>6,2</b>	
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE	K	53,0	1 807	11,0	63,0	9,0	10,8	47,2	7,0	74,0	4,1	
	M	21,0	835	6,0	10,0	9,0	7,0	0,0	0,0	16,0	1,9	
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE		<b>74,0</b>	<b>2 642,1</b>	<b>17,0</b>	<b>73,0</b>	<b>18,0</b>	<b>17,8</b>	<b>47,2</b>	<b>7,0</b>	<b>90,0</b>	<b>3,4</b>	
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE	K	37,0	1 842	0,0	112,1	0,0	6,2	67,0	39,0	112,1	6,1	
	M	27,0	1 503	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE		<b>64,0</b>	<b>3 344,6</b>	<b>0,0</b>	<b>112,1</b>	<b>0,0</b>	<b>6,2</b>	<b>67,0</b>	<b>39,0</b>	<b>112,1</b>	<b>3,4</b>	
EID VIDAREGÅANDE SKULE	K	52,0	1 871	6,8	50,6	6,8	8,0	32,0	10,6	57,4	3,1	
	M	30,0	1 068	4,9	61,5	4,9	8,0	53,5	0,0	66,4	6,2	
EID VIDAREGÅANDE SKULE		<b>82,0</b>	<b>2 939,2</b>	<b>11,7</b>	<b>112,1</b>	<b>11,7</b>	<b>16,0</b>	<b>85,5</b>	<b>10,6</b>	<b>123,8</b>	<b>4,2</b>	
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE	K	52,0	1 684	5,0	19,6	5,0	0,0	0,0	19,6	24,6	1,5	
	M	36,0	1 216	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE		<b>88,0</b>	<b>2 899,7</b>	<b>5,0</b>	<b>19,6</b>	<b>5,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>19,6</b>	<b>24,6</b>	<b>0,8</b>	
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE	K	26,0	1 087	3,5	1,2	3,5	1,2	0,0	0,0	4,7	0,4	
	M	13,0	569	2,5	0,0	2,5	0,0	0,0	0,0	2,5	0,4	
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE		<b>39,0</b>	<b>1 656,5</b>	<b>6,0</b>	<b>1,2</b>	<b>6,0</b>	<b>1,2</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>7,2</b>	<b>0,4</b>	
Sum skulane 2. kv 2018		K	605,00	23561,30	104,20	1066,90	99,60	114,10	421,60	536,00	1171,10	5,0
		M	427,00	18468,60	38,40	491,80	37,80	58,00	215,70	218,70	530,20	2,9
			<b>1032,00</b>	<b>42029,9</b>	<b>142,6</b>	<b>1558,7</b>	<b>137,4</b>	<b>172,1</b>	<b>637,3</b>	<b>754,7</b>	<b>1701,3</b>	<b>4,0</b>


Tabell 5) Tredje kvartal 2018 frå tenestoområdet dei vidaregåande skulane

### 3. Utvikling


Dei grafiske framstillingane under viser det registrerte fråværet frå første kvartal 2014 til og med 2. kvartal i 2018. Fråværet tenderar til å stige. Vi ser likevel at dei kjende årstids-variasjonane dreg årsstatistikken ned att på vårt høvesvis stabile tal.



Grafikk 2) Fråværsutvikling - alle einingane frå 1. kvartal 2014 til og med 3. kvartal 2018



Grafikk 3) Fråværsutvikling - tannhelsetenesta frå 1. kvartal 2014 til og med 3. kvartal 2018



Grafikk 4) Fråværsutvikling - opplæring frå 1. kvartal 2014 til og med 3. kvartal 2018

Fylkeskommunen sitt overordna mål er å stabilisere sjukefråværet på 5 %. Men dette betyr ikkje at einingane skal ha same målet. Einingane kan ut i frå egne føresetnader gjere vedtak om eit endå meir ambisiøst mål. Alle LAMU/einingar er ferdig med å operasjonisere mål og tiltak under kvart av dei tre delmåla i IA-avtalen. Ein styrke er at verksemda sine hmt-mål i samband med systematiske hmt-arbeide (internkontroll) no er samordna med IA-måla. Ein har med dette oppnådd å integrere IA-delmål *ein* i eininga sitt systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

Tiltak i arbeidet med å redusere sjukefråværet er tett og god oppfølging av medarbeidarar generelt og spesielt ved helseproblem og under fråvær. Eit godt arbeidsmiljø i vid tyding er avgjerande for å hindre arbeidsmiljørelatert fråvær. Tilrettelegginga skal strekke seg langt i vår organisasjon.

#### **4. Konklusjon/tilråding**

Registreringane frå tredje kvartal 2018 viser at vi ligg 0,9 prosentpoeng under stabiliserings- og IA-målet på fem prosent. Trenden viser noko dalande fráværestal.

Fylkesrådmann opprettheld kravet til at einingar med registrert kvartalsfrávær på eller over seks prosent rapporter etter den gjevne malen<sup>iii</sup>. Fylkesrådmann rår til at hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefráværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til frávær som kan vere arbeidsmiljø-relaterte.

---

iii For at vi får ei eins rapportering og for at ein berre kommenterer moglege arbeidsmiljørelatert frávær, ber om at tilbakerapporteringa følgjer denne malen:

Vår analyser viser at X vidaregåande skule (sentraladministrasjonen/tannhelsetenesta) registrera X % gjennomsnitt, der kvinner har X % og menn X %. Ved skulen arbeider det X personar. X personar hadde ikkje frávær i perioden, det vil seie at X % av dei tilsette har 100 % nærvær. Mellom dei med særleg langt sjukefrávær (over 20 %) finn vi X personar. Dette utgjer X av arbeidsstokken.

Skriv kommentar til moglege arbeidsmiljørelatert frávær. Her skriv du ein kort kommentar til det fráværet du meiner har eller kan ha samband med forhold i arbeidsmiljøet og kva tiltak ein ser for seg kan setjast inn for å motverke slike frávær. Gjerne også kva som er utført i høve det aktuelle tilfellet. Vi vil også ha ein vurdering om fráværet ikkje kan relaterast til arbeidsmiljøet.

Vi ønskjer tilbagemeldinga anonymt – ingen skildring av diagnosar og namn på tilsette.



## HOVUDSAMARBEIDSUTVALET

**Saksnr.:** **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**  
**12/18** 14.11.2018 16/3039 49268/18

Sakshandsamar: Arvid Stenehjem

---

<b>Handsaming i organ</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>
Hovudsamarbeidsutvalet	25.05.2016	8/16
Hovudsamarbeidsutvalet	14.11.2018	12/18
Hovudsamarbeidsutvalet	09.11.2016	17/16

---

## AKAN-årsrapport 2017

Saken vart sett utsett til neste ordinere møte i HSU den 14. september 2016. Dei administrative verktøya skal etter sikring av lovleg personaljus ferdigstillast.

-----

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gje slik tilråding:**

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet tek dei innkomne årsrapporteringane frå året 2017 til vitande.
- 2) Hovudsamarbeidsutvalet ber om ny årsrapportering og evaluering for 2018 samt evaluering ved utgangen av 2019.

**Behandling/vedtak i Hovudsamarbeidsutvalet den 25.05.2016**

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet godkjenner fylkeskommunen sine reviderte køyrereglar for rusmiddelbruk, Akan-reglement.
- 2) Reglementet kan nyttast ovafor tilsette med erkjente rus og avhengigheits problem under føresetnad at den tilsette, arbeidsgjevar og primærhelsetenesta finn dette føremålstenleg.
- 3) Tilbod om ein Akan-avtale skal berre nyttast der ordiner personal- eller disiplinersak ikkje vert førsteval.
- 4) Hovudsamarbeidsutvalet gir administrasjonen fullmakt til å tilpassa dei administrative verktøya etter sikring av lovleg personaljus er på plass.
- 5) Ordninga skal evaluerast ved utgangen av 2018.

**Endringsframlegg:** Representanten Elin Schei Stuhaug la fram eit utsetjingsframlegg og bad om at saken vart sett opp att med ferdigstilte administrative verktøy til første ordinere møtet i HSU den 14. september 2016.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**VEDTAK:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Saken vart sett utsett til neste ordinere møte i HSU den 14. september 2016. Dei administrative verktøya skal etter sikring av lovleg personaljus ferdigstillast.

-----

**Vedlegg:**

Rapport til AKAN fylkeshovudkontakt frå året 2017:

- Eid vg skule
- Mo og Øyrane vg skule
- Stryn vg skule
- Hafstad vg skule
- Dale vg skule
- Høyanger vg skule
- Årdal vg skule
- Sentraladministrasjonen

[Oversikt over reglementet på Portalen](#)

**Andre relevante dokument i saka:**

Sak 16/3039-1 vedteken i hovudsamarbeidsutvalet 9.november 2016

---

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**1. Samandrag**

Vårt AKAN reglement vart revidert og vedteken av hovudsamarbeidsutvalet i sak 16/3039 i mars 2016. Fylkeskommunen sine reglar for rusmiddelbruk skal bidra til at ein AKAN-avtale kan inngåast som eit reelt alternativ til ein personalsak der medarbeidaren er motivert for dette. Vårt utgangspunktet er å halde på personalressursen, men sanksjonere uønska åtferd og som alternativ inngå ein avtale der den tilsette under behandling kan bli kvitt rus- og avhengigheits problemet.

Reglane for rusmiddelbruk og spel uttrykker verksemda si haldning til rusmiddelbruk og spel under arbeidet, i arbeidsrelaterte situasjonar og i fritida som får negative konsekvensar for arbeidsplassen.

**2. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen sitt noverande AKAN-reglement har vore gjeldande frå vedtak i hovudarbeidsmiljøutvalet den 9.11.2016.

AKAN-reglement var før dette vore forankra i vedtak i hovudarbeidsmiljøutvalet den 6.9.1993 i sak nr 9/93, a-sak nr. 342/93. Sidan den gangen har reglementet fleire gonger vore justert og tilpassa språkleg.

HMT-heimesida og seinare Portalen har erstatta rundskriv, reglement, prosedyrar og informasjonsbase. Gjeldande AKAN-reglement var ikkje tilpassa oppdatert kunnskap på feltet og var difor moden for revideringa. Vidare såg vi ein viss etterspurnaden etter retningslinjer/reglar som eit alternativ til saksbehandling av ordinere personalsaker.

HSU har bestilt at LAMU kommenterer i ein eigen årleg rapport til AKAN hovudkontakt (Arvid Stenehem, Frm-personal) følgjande moment:

- tal tilfelle av rusmisbruk som er kjend
- tal på tilsette som får behandling
- ei vurdering av AKAN-opplegget
- vurdere dei praktiske røynslene og ev. kome med framlegg til endringar.

AKAN-hovudkontakt skal vedlikehalde reglar og prosedyrar på systemnivå og koordinere det førebyggjande AKAN-arbeidet i fylkeskommunen og vere organisatorisk tilknytt Frm-personal. Hovudkontakten skal ha melding om nye AKAN-saker for å kunne gje råd og rettleiing ved utforming og oppfølging av AKAN-saker ved dei fylkeskommunale institusjonane. Hovudkontakten har møterett i HSU ved orienteringssaker og legg fram endringar i AKAN-retningslinjer og ein kort årsrapport til utvalet.

Vidare har HSU i vedtaket beden om ein evaluering av ordninga innan utgangen av 2018.

**3. Rapportar frå LAMU/einingane**

Første moglege heile rapporteringsår er 2017. Vi sendet ut ei påminning til einingsleiarane om denne rapporteringa i e-post den 19. oktober. Vi sette frist for tilbakemelding til den 1. november 2018. Den 5. oktober sendte vi ny purring til einingane. Innan denne høvesvis korte fristen har 8 einingsleiarane rapportert. Sjå vedlegg.



Vi har ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å evaluere om vår måte å tilby AKAN-avtale på. Måla er at motiverte tilsette som innrømmer ein avhengigheits problematikk får avtale om behandling som alternativ til ei personalsak. Og i tillegg at denne behandlinga fører på sikt fram til uavhengigheit og adekvat jobbaktivitet.

#### **4. Konklusjon**

Det er p.t ikkje rapportert at reglementet er nytta og at tilsette har fått dette tilbodet i vår organisasjon i 2017. Vi har difor ikkje grunnlag for evaluering.

**HOVUDSAMARBEIDSUTVALET**

**Saksnr.:**            **Møtedato:**            **Arkivsaksnr.:**            **L.nr.:**  
**13/18**                    14.11.2018                    17/8945                    48986/18

Sakshandsamar: Arvid Stenehjem

---

<b>Handsaming i organ</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>
Hovudsamarbeidsutvalet	29.11.2017	15/17
Hovudsamarbeidsutvalet	14.11.2018	13/18

---

**Møteplan for hovudsamarbeidsutvalet 2019**

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1) Hovudsamarbeidsutvalet sine møter vert haldne på fylkeshuset etter følgjande møteplan 2019:

Onsdag 20. februar	kl. 10.00 til 11.30
Onsdag 22. mai	kl. 10.00 til 11.30
Onsdag 18. september	kl. 10.00 til 11.30
Onsdag 27. november.	kl. 10.00 til 11.30

2) Hovudsamarbeidsutvalet set opp ekstramøter når leiaren eller minst 1/3 av medlemene krev det.

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1) Hovudsamarbeidsutvalet sine møter vert haldne på fylkeshuset etter følgjande møteplan 2019:

Onsdag 20. februar	kl. 10.00 til 11.30
Onsdag 22. mai	kl. 10.00 til 11.30
Onsdag 18. september	kl. 10.00 til 11.30
Onsdag 27. november.	kl. 10.00 til 11.30

2) Hovudsamarbeidsutvalet set opp ekstramøter når leiaren eller minst 1/3 av medlemene krev det.

**Behandling/vedtak i Hovudsamarbeidsutvalet den 29.11.2017**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1) Hovudsamarbeidsutvalet sine møter vert haldne på fylkeshuset etter følgjande møteplan 2017:

Onsdag 28. februar	kl. 10.00 til 11.30
Onsdag 23. mai	kl. 10.00 til 11.30
Onsdag 19. september	kl. 10.00 til 11.30
Onsdag 14. november.	kl. 10.00 til 11.30

2) Hovudsamarbeidsutvalet set opp ekstramøter når leiaren eller minst 1/3 av medlemene krev det.

**Vedlegg:** Ingen

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Møteplan er sett opp med omsyn til adekvat tidspunkt for å kunne ferdigstille saksframlegging sett opp mot øvrige planlagde møter i folkevalde utval og fylkestinget. Administrativt er det best å melde ekstramøter ved behov versus det å setje opp «faste ekstramøter».

### **2. Møteplan og drøftingsmøter**

Fleire av sakene HSU skal handsame følgjer ei årsrytme og vi må difor legge møta i utvala slik at desse sakene kan handsamast administrativt og så få dei ferdigstilte til utleggingsfristen som er minimum fem dagar før møtet skal haldast. På same vis prøve vi å legge møta slik at dei ikkje kolliderer med møteplan for andre politiske utval inkludert fylkestinget.

Som i år 2018 ønsker vi å legge møta til onsdagar med møtestaden fylkeshuset på Leikanger. Med fire faste møter i året og med moglegheit for både å kansellere møter og å legge til møter etter behov, har vi følgjande forslag til møteplan for 2019:

Onsdag 20. februar kl. 10.00 til 11.30  
 Onsdag 22. mai kl. 10.00 til 11.30  
 Onsdag 18. september kl. 10.00 til 11.30  
 Onsdag 27. november. kl. 10.00 til 11.30

Møteplan 2019	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
Fylkestinget				24.*		4. og 5.				8.		3. og 4*
Fylkesutvalet	23.		6.	8. og 23.	9. og 29.	3. og 19.		28.		2., 7. og 31.	20.	2.
Finansutvalet**			6.		9.					2., 7. og 31.	20.	
Planutvalet												
Fellesnemnda		14. (S og Fj)			23. (Hfk)	18. (S og Fj)			12. (Hfk)	24. (S og Fj)	28. (Hfk)	
Fellesnemnda sitt arbeidsutval		4.			13.	11.			2.	15.	18.	
Partssamansett utval		4.			13.	11.			2.	15.	18.	
Hovudutval for opplæring												
Hovudutval for næring og kultur												
Hovudutval for samferdsle												
Felles møte i hovudutvala					28.					1.	19.	
Politikardagar					27.				30.		18.	
Kontrollutvalet												
Fylkestrafikktryggingutvalet												
Hovudsamarbeidsutvalet		28.			23.				18.		14.	
Fagoppføringsnemnda												
Fylkesrådet for eldre												
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne												
Drøftingsmøte						19.					20.	
Stortingsbenken med fleire												
Vestlandsrådet												
Fylkesting for ungdom												
Møteplan for fellesnemnda, fellesnemnda sitt arbeidsutval og partssamansett utval vart vedteken av fellesnemnda 21. september 2018												
Partia har gruppemøter og det er møte i fylkesutvalet dagen før kvart fylkesting												
* Møte i fylkestinget dersom nok saker												
** Møteplan for finansutvalet er førebels tilpassa SFFK sitt vanlege opplegg. Dette vil venteleg bli justert noko.												
Drøftingsmøte: Felles drøftingsmøte med fylkesutvalet, fylkeshovudtillitsvalde, fylkeshovudverneombodet og hovudsamarbeidsutvalet.												

Hovudsamarbeidsutvalet er også inviterte til å delta i våre to årlege drøftingsmøter. Det er møte med fylkesutvalet, fylkeshovudtillitsvalde, fylkeshovudverneombodet og hovudsamarbeidsutvalet. Møtedatoane for desse møta er fastsett til 19. juni og 20. november 2019.

#### 4. Konklusjon

Med hovudsamarbeidsutvalet sine fire faste møter og to årlege drøftingsmøter har utvalet seks møter i 2019. I tillegg er det rom for å setje ekstra møter på dagsorden.